

Årsmøteprotokoll

25.08.2021

Det vart halde årsmøte i ”Foreininga for Landsbyhuset Breidablik” onsdag 25.08.2021 kl. 20:00. Møtet vart halde i Landsbyhuset Breidablik.

Sak 01/21 : Val av ordstyrar

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/21 : Godkjenning av innkalling

Årsmøtet vedtok samrøystes godkjenning av innkalling. Det var ikkje merknadar.

Sak 03/21 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Bård Dalen vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/21 : Opteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet


Det var 5 stk. medlemar tilstades og desse representerte 5 røyster.

Sak 05/21 : Årsmelding og årsrekneskap 2020

- Årsmeldinga for 2020 vart lagt fram av styret og opplest av ordstyraren. Årsmøtet vedtok samrøystes årsmeldinga for 2020. Det var ikkje merknadar.
- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2020 vart opplest. Årsmøtet vedtok samrøystes årsrekneskapen for 2020. Det var ikkje merknadar. Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/21 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2021

- Styret la ikkje fram budsjett for 2021, og orienterte om naudsynte gjeremål og planar vart gitt. Årsmøtet tok orienteringa til vitande.



BREIDOBLIK

Sak 07/21 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Harald Sætre (leiar/sekretær), Steinar Skoge (drift/teknisk) og Ingvill Helene Kristensen (kjøken/utstyr/arr.) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2021.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller slik: Attval: Harald Sætre (leiar/sekretær), Ingvill Helene Kristensen (kjøken/utstyr/arr.). Nyval: Knut Olav Skare (drift/teknisk).
- Dersom styret finn det naudsynt, kan styret utvidast med 1 person, utan nytt årsmøtevedtak.

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga.

Styret for 2021-2022 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

| | | |
|-------------------|---------------------------|------|
| Styreleiar: | Harald Sætre | 2 år |
| Økonomiansvarleg: | Toril Urkedal | 1 år |
| Styremedlem: | Lisa Iversen | 1 år |
| Styremedlem: | Bjarte Rovde | 1 år |
| Styremedlem: | Knut Olav Skare | 2 år |
| Styremedlem: | Ingvill Helene Kristensen | 2 år |

Sak 08/21 : Val av valnemd for 2021

- Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2021 utgjer ny valnemd : Toril Urkedal, Bjarte Rovde og Lisa Iversen.


Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2022.

Sak 09/21 : Val av revisor

- Styret innstiller på at attval av Jarle Gunnarstein som revisor.

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til revisor.

Årsmøtet vart avslutta ca. kl. 22:00.



Harald Sætre
.....
Ordstyrar

[Signature]
.....
medunderskrift